

## Styrets forslag til vedtak

### Sak 3: Regjeringas fiskeripolitikk

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tek presentasjonen til fiskeri- og havminister Bjørnar Skjæran til orientering.

Årsmøtet registrerer stor interesse for å bruka havområde, og fjordar. Det er grupper som ønsker å bruka fjordane til dumping av gruveavfall, og somme ønsker å utvinna mineral frå havbotnen.

Kysttorsken er truga, men enkelte næringsinteresser misbrukar vern av kysttorsken for å få færre konkurrentar i fjordane, og kystnære område. Pelagisk Forening meiner at lengda på fiskebåtane ikkje må avgjera kvar båtane får fiska.

Oppdrettsnæringa ekspanderer meir og meir, og tek stadig større plass. Det er òg konkrete planar om å ha oppdrettsanlegg til havs. Det er òg sannsynleg med vesentleg auke av oppdrett av torsk.

Det grønne skiftet har ført til store ønske om plassering av vindturbinar til havs. Det er rimelegast å plassera vindturbinane nært land, og der det er relativt grunt. Dvs. på, og ved, fiskebankane.

Fellesnemnaren er manglande, eller utilstrekkelege, konsekvensutgreiingar.

Per i dag er det heller ikkje ein heilskapleg plan for bruk av norske havområde. Ein heilskapleg plan synest òg å vera langt fram i tid. Dette har ført til vesentlege arealkonfliktar, og konfliktane vil bli større i åra som kjem.

Årsmøtet meiner at omsynet til livet i havet er svært viktig. Årsmøtet er difor negative til utvinning av mineral frå havbotnen, og til dumping av gruveavfall i fjordar. Dette pga. forureininga, og fordi dette kan gjera fiskeri vanskeleg eller uråd.

Årsmøtet er ikkje imot andre næringar til havs, men meiner at ved interessekonfliktar må omsynet til den miljø- og klimavennlege matproduksjonen fiskarane driv vega tyngst.

Havforskningsinstituttet har òg uttalt at det er for lite kunnskap om konsekvensane av vindturbinar til havs. Negative konsekvensar kan vera utslepp av olja og mikroplast, framande artar, elektromagnetiske signal, og støy som kan vera negativt på gyting, vandring og reproduksjon. Årsmøtet meiner at «føre var-prinsippet» må gjelda her òg. Vindturbinar må ikkje plasserast i gyteområde, sårbare, eller viktig oppvekstområde, eller viktige område for trua artar på botn eller i vassmassane.

Difor er det uheldig å vedta utbygging utan etter grundige konsekvensutgreiingar, og i samarbeid med næringa. Det må òg takast omsyn til at havet endrar seg, og at fisk vandrar. Difor kan område det er lite fiskeri i dag, truleg vera gode område for fiskeri om eit tiår eller to. Det er difor viktig at ein har med tilstrekkeleg lange tidsseriar for fangststatistikk, og trendar i fangstmønsteret i konsekvensutgreiingane og god nok forskning.

Vindturbinar til havs blir forsvart med at det er viktig med grøn energi. Årsmøtet vil

peika på at pelagisk fiskeri er blant den aller mest klimavennlege matproduksjonen i verda, og at pelagisk fisk er blant den menneskematen som har lågast CO<sub>2</sub>-avtrykk per kilo.

Dersom fiskarane blir fortrengt frå fiskefelta vil utsleppa auka, og det er òg fare for at denne klimavennlege matproduksjonen blir redusert. Det er ikkje god klimapolitikk.

Det er òg ønske om å verna store havområde. Årsmøtet er ikkje imot vern av havområde, men er ikkje tilhengar av vern for vernet sin del. Det er heller ikkje slik at eitkvart vern nødvendigvis skal forby fiskeri i verna område.

Petroleumsnæringa har vart i fleire tiår, og har vore til stor nytte for landet. Fiskerinæringa har måtte tilpassa seg, og kan ikkje fiska der det er olje- og gassplattformer. Det har stort sett gått greitt, men det er ikkje sjølvsagt at fiskerinæringa kan tilpassa seg tap av store havområde.

Olje- og gassnæringa har medført stor seismisk aktivitet. Seismikkskyting har medført vesentlege ulemper for fiskerinæringa, og fiskarar meiner at viljen til å ta omsyn til fiskarane, eller fiskesesongar, ikkje har vore god nok.

Årsmøtet meiner at det er viktig med god sameksistens med fiskerinæringa. Sameksistens må ikkje berre vera eit ord i festtalar, men fiskerinæringa må ha reell påverknad når andre næringar får avsett areal i havet eller fjordane.

Årsmøtet er glad for at fiskeriministeren gjentatte gangar har uttalt at deltakar-, havressurs-, og fiskesalagslova skal ligga fast. Fordi dette best bidreg til best verdiskaping, og utnytting av bestandane, og verdiskaping langs kysten.

Heile næringa har hatt stort fokus på kvotemeldinga. Årsmøtet meiner at strukturkvotane må falla tilbake til grunnkvotane når strukturtida er ute, slik det blei forutsett. Dersom strukturkvotane fell til både grunn- og resterande strukturkvotar vil det vera uheldig. Mellom anna fordi det vil virka strukturdrivande, og altså føra til ytterlegare struktur. Årsmøtet meiner òg at det er viktig at kvotetaka, og maksimal eigarkonsentrasjon, ikkje blir auka. Altså at absolutte kvotetak ikkje blir auka.

Årsmøtet registrerer at det blir fleire og fleire sjøpattedyr. Den store bestanden fører til hyppige skader på bruk, og store uttak av fisk som skulle vore brukt til menneskemat. Årsmøtet meiner at uttaket av sjøpattedyr bør aukast, men ser at manglande avsetning, politiske tilhøve med meir gjer at dette er vanskeleg.

Brexit har ført til manglande fiskeriavtalar. Årsmøtet meiner at det er viktig med gode kvoteavtalar. Ei god kvoteavtale inneber omsyn både til bestandane, miljøsertifiseringar, minimalisering av utslepp, og effektive fiskeri med meir. Norske fiskarar har vist at flåten kan fiska store makrellkvotar i norske farvatn. Det er difor ikkje grunn til at Noreg forhastar seg, og inngår dårlege avtalar.

Årsmøtet meiner at dagens haustingsregel, for lodda, er for streng. Årsmøtet meiner at det er viktig med eit loddefiske kvart år. Det vil trygga og oppretthalda marknaden, og såleis bidra til å sikra arbeidsplassar på sjø og land, auka verdiskaping, og aktivitet langs kysten.